

# Lokalutval

## Demokrati – utfordring – distrikt

### Utfordring

Når vi jobba med fordelar og ulemper med samanslåing til ein stor kommune så var det peika på dette med svekka lokaldemokrati. Det var spesielt i dei minste kommunane ein frykta at lokaldemokratiet vil bli svekka. Det skuldast i hovudsak to faktorar:

- Større geografisk avstand til kommunesenteret
- Lågare politisk representasjon

Den geografiske avstanden til dei politiske beslutningstakarane vil bli større. Lågare politiske representasjonen vil vere reell. Sjølv om kommunestyret kan vere relativt stort så vil representasjonen frå dei minste kommunane bli låg, samanlikna med det som ein har i dg. Det vil heller ikkje vere mogeleg å dele kommunen inn i valkrinsar for å ha ein førehandsdefinert geografisk representasjon. Slik at dette må handterast ved at dei politiske partia sjølv prioriterer geografisk representasjon på sine vallister. Det vil nok vere i partia sin interesse å ha ein brei geografisk representasjon.

### Nærdemokratiordning

Eit mogeleg tiltak for å svare på problemstillinga om svekka lokaldemokrati kan vere oppretting av såkalla nærdemokratiordningar. Her kan det tenkast ulike former frå frivillige organisasjonar, foreiningsbaserte lokalutval eller kommunedelutval med beslutningskompetanse og eller/tenesteansvar.

I kommune Noreg finnes det etter det vi kan sjå alle variantar. I Skien kommune er det lokalutval som er valt av bystyret med formål om å skape lokalt engasjement og vere eit høyringsorgan. Andre stadar er det bygda sjølv som vel seg eit lokalutval. I Øvre Eiker kommune er det grendeutval.

Vi ser det slik at formålet med lokalutvala skal vere å jobbe for lokalt engasjement for nærmiljøet og vere eit høyringsorgan for kommunen i visse saker. Ut i frå eit slikt perspektiv vil vi sjå det som mest naturleg og tenleg at lokalutvalet vert valt direkte av bygda sjølv. Det vil kunne vere med å sikre eit breitt engasjement uavhengig av politisk ståstad. Vi vil difor tilrå at lokalutvala vert valt direkte frå innbygarane sjølv. Det gjer at ein legg til rette for eit bredt engasjement.

For å «smøre» lokalutvala ser vi for oss at kommunen sin administrasjon syter for sekretariatsbistand til lokalutvala. Det vil gjere det lettare for lokalutvala og fungere og det vil avlaste leiar for ein del administrative funksjonar. Samstundes vil også kommunen sin administrasjon halde seg orientert om kva som skjer og kva lokalmiljøa er opptekne av.

Gode og aktive lokalutval vil bli høyrte i dei politiske og administrative prosessane. Lokalutvala kan også vere viktige bidragsytarar til å vere med å løyse ut og organisere frivillig arbeid. Dette vil vere viktig for å utvikle gode lokalsamfunn.

## **Geografiske område**

Lokalutvala vil vere spesielt viktig i dei minste kommunane som ligg lengst vekk frå Knarvik. I første omgang ser vi for oss at det vil vere naturleg å følgje dei gamle kommunegrensene. Vi vil tilrå at det vert oppretta lokalutval i følgjande område:

- Fedje
- Gulen
- Masfjorden
- Modalen
- Solund

## **Formålet med lokalutvala**

Lokalutvalet skal bidra til lokalt engasjement for nærmiljøet, vere ein kanal for dialog mellom innbyggjarane i området og kommunen, samt eit høyringsorgan for politiske saker som vedkjem innbyggjarane i området.

Lokalutvalet skal høyrast i plansaker før dei vert vedteke. Dersom det er planar om å gjere strukturelle endringar i tenestetilbodet skal lokalutvalet høyrast før dei vert vedteke. Lokalutvalet står også fritt til å kome med uttale og innspel i andre politiske saker. Lokalutvala vert på denne måten ein del av saksgongen i kommunen i desse sakene. Lokalutvala må tre saman og gje uttale innan X veker frå saksdokumenta er tilsendt. Kommunen skal så langt råd er informere om komande saker og ta omsyn til møteplanar som er lagde og som kommunen er vorte informert om.

Det er ingen avgrensing i kva saker lokalutvalet kan engasjere seg i så sant dei er til nytte og gavn for lokalmiljøet.

## **Organisering**

Lokalutvalet vert direkte valt på eit folkemøte der alle som bur innafor det geografiske område har stemmerett.

Kommunen bidreg med sekretariat. Det vil også vere med å sikre at lokalutvalet har eit fast kontaktpunkt mot kommunen som ein kan bruke. Kommunen vil også på si side sikre at ein held seg oppdatert på kva lokalutvalet er opptatt av.